

Radøy kommune v/ Rådmann Jarle Landås

Radøyvegen 1690
5936 MANGER

Dykkar ref.:

Vår ref.:
15/520 - 2 / RL / 012

Dato:
24.11.2015

Endring i eigardel - Interkommunalt arkiv i Hordaland

Vi viser til vedtak gjort av Formannskapet i Radøy kommune saknr. 074/2015 samt vedtak gjort av Kommunestyret i Radøy sak 053/2015 Endring i Eigardel – Interkommunalt Arkiv i Hordaland IKS.

Interkommunalt Arkiv i Hordaland IKS (IKAH) tar vedtaket til etterretning, og ynskjer å gjere Radøy kommune merksam på følgjande. Med Radøy kommune sitt vedtak er det klart at Representantskapen i IKAH sitt framlegg til ny selskapsavtale, herunder endring av eigardelane i selskapet, ikkje vert godkjent av alle eigarkommunane slik føresett i vedtaket. Dette får den konsekvens at vedtaket fell, og at selskapsavtalen vert ståande slik fastsett før 28.april 2015¹. Radøy kommune sin eigardel for 2016 vert dermed ikkje endra og står fast på 2,85%. Dei øvrige eigarkommunane sine eigardelar vert også ståande I tråd med IKS-lova og selskapsavtalen for IKAH §5² vert vedtaket i Representantskapen om Radøy sitt tilskot for 2016 på 121 573³,- gjort gjeldande uavhengig av om eigardelen vert endra eller ikkje. Dette fordi det er Representantskapen som har kompetansen til å fastsetje årlige tilskot i IKAH basert gjeldande fordelingsnøkkel.

Vidare i vedtaket i Radøy kommune heiter det at:

Radøy kommune ber om at det blir laga ein ny fordelingsnøkkel med intervall-satsar som betre gjenspeglar kommunestorleik.

I IKAH er vi innstilt på å imøtekomme Radøy kommune sitt ynskje om ein ny fordelingsnøkkel, som betre står i forhold til innbyggjartal samt dei oppgåver og tenester eigarkommunane ynskjer selskapet skal levere for kommunane. Selskapet set i gang rullering av strategi tidleg i 2016 og vil i den samanheng også arbeide med fordelingsnøkkelen. Ei sak om dette vil bli fremja for Representantskapen.

¹ Ref. protokoll frå representantskapsmøte 28.04.15 sak .05.15 endring i eigardelane.

² Sjå vedlagt selskapsavtale.

³ Ref. protokoll frå representantskapsmøte 28.04.15 sak 09.15 Økonomiplan 2016-2019-Budsjettrammer for 2016.

Dette til orientering. Om Radøy kommune ønsker ytterlegare informasjon ber vi om at de tek kontakt

Med venleg helsing

Rune Lothe
dagleg leiar

Jan Tore Helle
Styreleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent, og krev difor ingen signatur.

Vedlegg:

Selskapsavtale pr april 2012

1330341

24.11.2015

Kopi til:

Radøy kommune v/Arkivleiar Anne Radøyvegen 1690
Dahle Austrheim

5936

MANGER